




Kultur- og idrettsstipend

Retningslinjer for tildeling av kultur- og
idrettsstipend til ungdom



Vedtatt i utval for levekår 22.04.2023



Lærdal kommune kan kvart år dele ut eit kultur- og idrettsstipend for unge talent og utøvarar mellom 15 og 25 år.

1. Føremålet med stipendet er å hjelpe unge, aktive kultur- og idrettsutøvarar til å søkje utvikling og framgang på sitt område. I tillegg vil stipendet stimulere til kunstproduksjonar, kunstutøving, idrettsprestasjonar eller utdanning innanfor kultur og idrett. Stipendet kan også tene som ein honnør for særleg innsats og til vidare inspirasjon.
2. Stipendmottakar står fritt med omsyn til bruken innan område dei meiner kan gje inspirasjon og framgang.
3. Stipendordninga vert kunngjort i lokale media og kommunen sine nettsider.
4. Ungdom mellom 15 og 25 år kan söke stipendet. Privatpersonar, lag og organisasjonar har rett til å kome med framlegg på stipendkandidatar. Det skal nyttast eit særskilt søkeradsskjema.
5. Ein kan ikkje få kultur- og idrettsstipend for ungdom meir enn ein gong.
6. Utval for levekår avgjer om stipendet skal delast ut og kven som skal få det. Storleiken på samla stipendsum er opp til 10.000 kr kvart år.
7. Utvalet vil mellom anna leggje vekt på følgjande ved tildeling:
 - resultat, røynsle, bakgrunn
 - utsikter til vidare framgang
 - vidare planar
8. Stipendkandidaten må vera busett, eller ha sterkt tilknyting til Lærdal.
9. Frist for innsending av framlegg til kultur- og idrettsstipendet er medio april kvart år.